

Verdas lengste sjømatbord

Innleiing

«Verdas lengste sjømatbord» er eit mobiliseringstiltak under prosjektet «Lindåsbygda og slusene – Frå oske til eld». Prosjektet vart i desember 2013 tatt opp i LivOGLyst-satsinga i Hordaland som assosiert prosjekt med midlar. Sidan den tid har prosjektet vore aktivt i samband med mobilisering av dei ulike aktørane i bygda (ressursgruppa), og vi ser allereie frukter av samarbeid på tvers av aktørar. Nordhordland Næringshage står som prosjektansvarleg.

Eit av mobiliseringstiltaka i prosjektet er å gjennomføre eit stort sommararrangement i 2014. Det er stor entusiasme for dette i bygda, og prosjektet har bestemt at vi skal etablere ein årleg festival med Verdas lengste sjømatbord som spydspiss. Vi kan vise til eit svært vellykka arrangement 10.august 2013 i samband med opning av Kystsogeveke og slusene, og det har vore stor vilje i bygda til å få til noko liknande på årleg basis. I år har Lindås kommune 50-års jubileum, og kultureininga i Lindås Kommune har innlemma arrangementet som ein del av markeringa for kommunen sitt jubileum.

Det er sett ned ei arbeidsgruppe med deltakarar frå ressursgruppa som jobbar med plan og organisering av festivalen som går over helga 21. og 22.juni, samt tradisjonell jonsokfeiring 23.juni. Ressursgruppa vert jamnleg oppdatert gjennom referat, dei har bidrag undervegs og det er ein open og gjensidig dialog heile vegen.

Festivalområde

Festivalområdet er eigentleg heile bygda, med fokusområde i det gamle sentrum på Nedre Lindås i tida kor sjømatbordet og mat-torget er ope. Elles vert det ulike aktivitetar, framsyningar og konsertar både hos reiselivsaktørar og på andre arenaer i bygda.

Sjømatbordet vil vere minimum 200m langt og setjast opp i bilvegen mellom Det gamle tinghuset på Lindås og innkøyrsla til Lindås Brygge, kor mat-torget skal vere. Dette krev at vegen må stengast, noko som igjen fordrar fleire vakter som informerer og dirigerer bilar. Krav i samband med stenging av veg er avklart med Statens Vegvesen og Lensmannen.

Raude Kross vil ha medisinsk beredskap i fokusområdet på Nedre Lindås i tida med størst publikumstettheit (dagtid laurdag).

Deltakande aktørar

Ressursgruppa i prosjektet består av mange ulike aktørar i bygda både frå reiseliv, grunderar, eldsjeler, bygdelag, skulane, kunstnarar, songkor, Rockeverkstaden, kulturformidlarar mm. Allereie her er det eit allsidig utval av aktivitetar og opplevingar som inngår i festivalen. I tillegg vil aktørar frå heile Nordhordland og utanfor dette vere med å skape eit spanande og eksklusivt mat-torg og sjømatbord, samt underhaldningstilbod på laurdagskvelden.

Nokre av aktivitetane som genererer kostnader, og som ein ser igjen på kostnadsoversikta, vert omtala i det følgjande.

Spentig samarbeid

Lindås Rockeverkstad og Lindås Songlag har eit gjensidig ynskje om å starte samarbeid med kvarandre. I samband med sommararrangementet vil dei samarbeide om nokre av innslaga, samt at mellom 70-100 elevar frå barne- og ungdomsskulen skal vere med. Dette er ekstra ressurskrevjande, og forklarar kvifor denne utgiftsposten er høgare enn ein kan forvente for separate innslag. I tillegg til samarbeidsbidraga vil både Rockeverkstaden og Lindås Songlag ha bidrag kvar for seg.

Solveigs kulturskule for born

Denne helga vil det begge dagar vere tilbod om Solveigs kulturskule for born frå 1.klassetrinn og oppover. Aktiviteten vil finne stad i Det gamle Tinghuset på Lindås, eller ute, dersom fint vêr. Fokus vil vere maling/teikning av Lindåsnaturen og villblomar. Det er inntil tolv deltakarar på kvar gjennomføring, og det er minst tre gjennomføringar i løpet av desse to dagane. Det vil til slutt vere utstilling av arbeida. Vi har rekna at kvart barn betalar ein eigenandel på kr 100,-, og at vi må skaffe midlar til det resterande.

Oppleving i Lindåsosane og slusene

Eit av tiltaka i prosjektet er å finne ei løysing for å kunne tilby besøkjande å oppleve det nasjonale sjøkulturminnet slusene på Spjøtoy. Ein ressursperson i bygda innan sjømannskap har tatt på seg dette arbeidet, og målet er å ha dette klart til sommararrangementet. Ordninga skal vere ei pakketilbod kor ein vert tatt ut til slusene og rundt til dei ulike kunstverka i Lindåsosane (ref. vedlegg delprosjekt «Sjøutstilling i Lindåsosane»). Såleis vert både sjøkulturminnet og sjøutstillinga tilgjengeleg for folk som ikkje sjølve har båt.

Forventa besøkjande

Sidan dette er første året, har vi få erfaringar å bygge på. Vi har likevel erfaringar frå det årlege arrangementet 1.helga i advent, som er eit tilsvarande samarbeidsprosjekt mellom fire aktørar i same området. Konseptet med at publikum vandrar i den gamle bebyggelsen og får med seg ulike opplevingar viser seg å falle i god smak, og besøkstalet for arrangementet veks for kvart år. Her kjem besøkjande frå heile regionen.

Sommararrangementet vert bygd over same lest. Vi er optimistiske og trur at festivalen kan trekke like mykje folk, både fordi vi kan nytte sjømatbordet som marknadsføringsspiss og at festivalen er eit ypparleg besøksmål for båtfolk.

Sjømatbordet

Sjølve sjømatbordet er gratis og skal vere eit sosialt smaksbord med sitjeplassar på begge sider. Sanitetsforeininga har til ein kvar tid femten bordvertar til stades og sørger for et innbydande bord. Dei som fyller bordet med sjømat er:

- ✓ Aktørar som deltek med sjømat på torget skal ha smaksprøvar på sjømatbordet.

- ✓ Reiselivsaktørar med storkjøkken. Desse vert truleg største leverandørane til sjømatbordet, og tek utgangspunkt i rettar frå oppskriftsheftene til Godfisk. Oppskriftsheftene vil vere tilgjengeleg for publikum (gratis).
- ✓ «Husmødrenes metre». Her oppmodar vi alle til å bidra med sine gode sjømatrettar. Deltaking her skal vere planlagd og følgje retningslinjene vi har frå Mattilsynet. Vi lagar eit eige hefte for desse oppskriftene.

Alle rettar på bordet vert merkte med kva det er, samt kven som har laga det, og om ein finn det på torget eller i oppskriftshefte

Innhald på festivalen

Vi viser til vedlagd programutkast, som gjev ein peikepinn på omfanget av festivalen. Dette er ikkje endeleg, men inneheld det som per februar 2014 er avklart.

Budsjett og finansieringsplan

I kostnadsoversikta tek vi med det som heilt eller delvis må finansierast gjennom prosjektet. Nokre av aktivitetane er billettfinansierte og er derfor ikkje med i kostnadsoversikta.

Aktivitet	Sum	Finansiering	Sum
Song/Musikk Samarbeidsprosjekt	26 800	Standavgift mattorg	5 000
Solveigs Kulturskule for born	10 860	Eigenandel deltakarar kulturskule	3 600
Vei/Parkeringsvakter	8 000	Lindås kommune	50 000
Leige bord, telt, benkar	20 000	Godfisk	40 000
Leige toalett	3 500	Norges Sildesalslag	20 000
Raude Kross 4 timar	3 000	Regionsrådet	10 000
Dukar/eingongsutstyr sjømatbord, toalettpapir	5 000	Hordaland Fylkeskommune	30 000
Råvarer sjømatbord	60 000	Eigenandel prosjekt	15 000
Oppskriftshefte (husmødrenes rettar)	2 000	Div spons	16 560
Marknadsføring arrangement	50 000	Visjon Vest	50 000
Skilting/plakatar	5 000		
Dårleg-til-beins-ekspressen	2 000		
Program, utforming/trykking	3 000		
Drikke/brød sjømatbord	12 000		
Oppleving i Lindåsosane og slusene	4 000		
Planlegging, organisering	21 000		
Foto/filming/redigering på arrangement	4 000		
Sum	240 160		240 160

Kommentarar til budsjett:

- ✓ Dårleg-til-beins-ekspressen er eit tilbod til dei som treng skyss mellom parkeringsområde og sjømatbordet. Denne er sett opp med bakgrunn i erfaringar vi gjorde ved opning av Kystsogevekene